

## SULDAL KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Torsdag **15. februar 2024** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av leiar Otto Underbakke.

<b>MØTESTAD:</b>	Suldal kommunehus, formannskapssalen
<b>MØTESTART-MØTESLUTT:</b>	kl. 10.00 – kl. 10.30
<b>MØTANDE MEDLEMMER:</b>	Otto Underbakke (H), Ragnhild Sukka (V), Ivar Andre Naustvik (Krf) og Astrid Brommeland (Sp)
<b>MØTANDE VARAMEDLEMMER:</b>	Michael Willig (SV)
<b>FORFALL:</b>	Arin Eirikssønn (Ap)
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Rådgjevar Sjur Hatlen – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ ROGALAND REVISJON IKS:</b>	Forvaltningsrevisor Svein Kvalvåg frå sak 5
<b>FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:</b>	Ingen
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKSLISTE:</b>	Ingen

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

#### **SAK 01/24 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 16.11.23**

##### **Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møte i Suldal kontrollutval 16.11.23 blir godkjent slik han ligg føre.

##### **Handsaming i kontrollutvalet 15.02.24:**

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

##### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.02.24:**

*Protokoll frå møte i kontrollutvalet 16.11.23 blir godkjent slik han ligg føre.*

## **SAK 02/24 ROGALAND REVISJON IKS OM REVISOR SI ROLLE OG ANSVARSOMRÅDE**

### **Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Suldal kontrollutval tar informasjonen frå Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde i engasjementsbrevet av 13.11.23 til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 15.02.24:**

Leiar orienterte kort om saka. Sekretær svarte på spørsmål frå medlemmene.

Utvalet hadde ingen merknader.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.02.24:**

*Suldal kontrollutval tar informasjonen frå Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde i engasjementsbrevet av 13.11.23 til orientering.*

## **SAK 03/24 PLAN FOR ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN**

### **Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Suldal kontrollutval vedtek følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen:

25.04.24	økonomi og organisasjon v/kommunalsjef Torbjørn Guggedal
13.06.24	administrasjonen v/kommunedirektør
26.09.24	helse og velferd v/kommunalsjef Grethe Jæger Angelvik
21.11.24	oppvekst v/kommunalsjef
1. møte 2025	økonomiavd. v/økonomisjef
2. møte 2025	personal- og organisasjonssjef
3. møte 2025	IKT-avdelinga
4. møte 2025	.....

Tidsramma vert sett til 30 min. inkludert spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

### **Handsaming i kontrollutvalet 15.02.24:**

Utvalet diskuterte framlegget til plan. Leiar foreslo å ikkje sette opp nokon orientering i junimøtet og berre skyva på orienteringane. Utvalet var samd i dette.

Utvalet var elles nøgd med planen slik den var foreslått.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.02.24:**

*Suldal kontrollutval vedtek følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen:*

25.04.24	<i>økonomi og organisasjon v/kommunalsjef Torbjørn Guggedal</i>
13.06.24	<i>.....</i>
26.09.24	<i>administrasjonen v/kommunedirektør</i>
21.11.24	<i>helse og velferd v/kommunalsjef Grethe Jæger Angelvik</i>
1. møte 2025	<i>oppvekst v/kommunalsjef</i>
2. møte 2025	<i>økonomiavd. v/økonomisjef</i>
3. møte 2025	<i>personal- og organisasjonssjef</i>
4. møte 2025	<i>IKT-avdelinga</i>

*Tidsramma vert sett til 30 min. inkludert spørsmål.*

*Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.*

**SAK 04/24 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2023**

**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Suldal kontrollutval godkjenner årsmeldinga for 2023 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

**Innstilling til kommunestyret:**

Suldal kommunestyre tek årsmeldinga for 2023 frå kontrollutvalet til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 15.02.24:**

Sekretær orienterte om innhaldet i årsmeldinga.

Medlemmene meinte det var ei god årsmelding og hadde ingen særskilte merknader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.02.24:**

*Suldal kommunestyre tek årsmeldinga for 2023 frå kontrollutvalet til orientering.*

**Innstilling til kommunestyret:**

*Suldal kommunestyre tek årsmeldinga for 2023 frå kontrollutvalet til orientering.*

## **SAK 05/23 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 15.02.24**

01. Statusrapport pr. februar 2024
02. KST-vedtak 18.12.23, sak 149-23 – oppfølging av rapport «Styring og kontroll med investeringsprosjekt»
03. Tertialrapport pr. 31.12.23 frå Rogaland Revisjon IKS
04. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland Vekst 08.12.23
05. Oppsummering frå NKRF konferansen 31.01 – 01.02.24 v/sekretær
06. Invitasjon til FKT sin fagkonferanse på Gardermoen 4. – 5. juni
07. Statsforvaltaren i Rogaland – Informasjon om statlege tilsyn med kommunane i 2024

### **Handsaming i kontrollutvalet 15.02.24:**

Sekretær orienterte kort om referatsakene og informerte om fagkonferansen i juni. Medlem som ønskjer å delta melder frå til sekretariatet.

Utvalet hadde elles ingen særskilte merknader til referatsakene.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.02.24:**

*Suldal kontrollutval tek referat- og orienteringssakene 1 – 7 til orientering.*

### **YMSE**

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

I etterkant av møtet hadde Rogaland Revisjon v/forvaltningsrevisor Svein Kvalvåg eit dialogmøte for å få innspel til arbeidet med risiko- og vesentleganalyse.

**Neste møte:** torsdag 25.04.24, kl. 10.00

Saker: orientering om økonomi og organisasjon, kommunen sitt årsrekneskap og revisjonsrapport «Førebygging og tidleg innsats».

Sand/Aksdal, 15.02.24

Otto Underbakke  
Leiar

Sjur Hatlen  
Kontrollutvalssekretær